



Bernt Johan Husebø
Husebøvegen 54
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2642 - 18/4603

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
02.03.2018

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-2014 tilskot til inngjerding og rydding av beite på Gbnr. 54/1 - Husebø

Administrativt vedtak. Saknr: 51/2018

Saksutgreiing:

Bernt Johan Husebø søkjar i i brev datert 23.02.2018 om utsett arbeidsfrist for å gjere ferdig SMIL tiltak. Tiltaket gjeld rydding og inngjerding av beite på gbnr. 54/1 på Husebø, løyvd i administrativt vedtak saknr. 319/2014. Arbeidsfristen gjekk ut 01.12.2017. Fylkesmannen sin ref. 14/013598.

Vurdering:

Prosjektet har kome i gang, og søkjer har rydda bort skog frå delar av arealet. Søkjer har ikkje kunne fullføra tiltaket blant anna grunna alvorleg skade på ei hand, og søkjer difor om forlenging av fristen med 2 år. Det er høve til å forlenga fristen med to år for å gjennomføre prosjektet.

Kommunen vurderer at grunnen som ligg bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen må akseptrast. Det er viktig at arbeidet vert slutført og at tiltaket vert ferdigstilt. Kommunen vil difor godkjenne søknad om utsett arbeidsfrist for ferdigstilling.

Vedtak

«Meland kommune gjev med dette Bernt-Johan Husebø utvida frist til 01.12.2019 med å gjennomføra siste del av tiltaket som det vart løyvd midlar til i delegert vedtak saknr. 316 /2014. Det er ingen endring i villkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak saknr. 319/2014.

Vedtaket har heimel i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket § 5.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldane delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Bernt Johan Husebø

Husebøvegen 54

5917

ROSSLAND